# Årsmelding 1995
## for Valdreskvelam spel- og dansarlag

Styret har sist året vore: Sigrid Eggen - leiar, Jan Sparstad - kasserar, Bjørn Skåre - skrivar, Ola Harald Hagen og Synnøve Kvam styremedlemer. Varamedl. til styret: Ingrid Søndrol og Marit Hensåsen. Revisorar Børge Thorpe og Arne Belsheim. Valnemnd - 96: Kari Hagaseth, Nils Rogn og Gerd Kvam.

Styret har hatt 5 møte og handsama 27 saker. Medlemstalet har vore 61, ein nedgang på 4 frå året før.

Eit av dei store sakene for laget i år var lokal-kappleiken på Åsvang 11. mars. Nils Rogn var stemneleiar og leia det heile med fast hand. Vidare hadde han med seg: Kari Birgit - PR, Nils Leine - tevling, Leif Sørum - økonomi, Elisabeth Sparstad - pynting og rydding, Sigrid Eggen - mat, Jon - premiar og Torgrim - teknikk. Desse hadde kvar sin komite å ha ansvaret for. Medlemer i laget deltok i tevlinga i dei fleste klassar. Alle deltakarar fekk premie. Kari Hagaseth og Ingvild Oldre gjorde det ekstra bra, dei tok vandrepremien for beste kveding av song og langeleik. Det slo godt an med eit lite innslag på kvart lag på festen om kvelden. Kappleiken vart greitt avvikla og det vart i det heile eit vellukka arrangement som komiteen har all ære av!

Andris Vang jubileet: vor ei anna stor sak i år. Heile etterjulsvinteren vor kledergruppa „Pirrebaadn" i gang med øvingar under leiing av Bente Kregholm Hemsing. På Andris Vangjubileet vor det ein svært vellukka konsert i Vang Kyrkje 21. mai, som Bente sto ansvarleg for. Alle vor kledde som dei vor på Andris Vang si tid. Det vor hesteskyss og Vennisådn kom i båt over Vangsmjøsa. Skikkeleg stemning! I tillegg til „Pirrebaadn" og Distriktsmusikkarane hadde me god hjelp av Halvor Håkanes-song og Hans Olav Gorseth-fløyte.

Me deltok også på sjølve jubileumsfesten på VBU 27. mai. Det vor gamle bryllaupsskikkar i 7 scener som sto på programmet og me fekk innslag av Barnedansaringen og „Emmetyret ûm Kvite staven". Kvelden vart trygt leia av Marit Bakken.

18. mars vor det innspeling av Kasset/CD på Valdres folkemuseum. Det e eit stort økonomisk løft ei slik utgjeving, men me har vore så heldige å få støtte til dette av: Vang sp. bank, Valdres folkemusikklag, Sørlies leget, Lindemanns legat, Oppland Fylke og „Fondet for utøvande kunstnere".

Me må og nemne at langeleik CD'n som systrene Steinsrud/Hegge spela inn vart nominert til årets spelemannspris! Godt gjort.

For å bøte litt på økonomien i laget vart det sett i gang eit lotteri i samband

med ei tilstelling på Åsvang 2. desember.
Dette gav ei god inntekt til laget på ca.
10300,-Kr. Det hjalp godt på ein heller
dårleg økonomi.
Laget har og fått 6000 Kr. i kultur-
midlar frå Vang Kommune.
24. februar var Arne Søbølberg med
gruppa „Kveikjaren" på Vennis Grendehus.
Det var god stemning der og ein velluka
kveld.
Det var på etterjulsvinteren gamaldans-
kveldar på Torsheim som laget sto ansvarleg for. Tilslut-
ninga var noko variabel, men mange
har sagt seg interesserte, så det er kanskje
noko ein bør fortsetta med!
Frå hausten har det på Åsvang vore
faste øvingar for både langeleik- og feleutøvarar.
Det var tenkt at ein skulle avslutte
kvelden med gamaldans, men få møtte
fram.
Det pågår og for tida eit lausdanskurs
på Åsvang.
Jørn Hilme-stemne var 28.-30. juli i år.
Mange deltok på stemne og Valdreskvelden
vidva med vaktahald.
Ny Kontaktperson for „Låt og Linde" er
Marit Bakken.
Styret synest laget har hatt eit aktivt
og bra år, og ynskjer nye styret lukke til
med det vidare arbeidet!

Styret 7/ Skrivar